



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki
Telefon:
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato
19.01.2015
Dykkar dato
18.11.2014

Vår referanse
2013/4547 - 610
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyring om endringar i barnehagelova

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gått gjennom høyringsnotatet datert 18.11.2014.

Vi ser positivt på at barnehagelova vert tydelegare på det ansvaret kommunen har som tilsynsmyndigheit og krava til behandling av opplysningar om barna.

Vi meiner det er positivt at Fylkesmannen kan føre direkte tilsyn med ein skilde barnehagar ut frå ei presisering av særskilde tilfelle slik at tilsynsgrunnlaget vert einsarta og likeverdig i alle embeta.

Våre innspel på vurderingar som må ligge til grunn i særskilde tilfelle er:

- manglande barnehagefagleg kompetanse i kommunen som fører til at lovkrav og føringar ikkje vert følgde opp
- Fylkesmannen er vorten kjend med, gjennom klage eller blir kontakta av foreldre, at tilbodet i ein barnehage ikkje er i tråd med krava i lova og at kommunen ikkje har teke tak i dette
- kommunale tilsyn som ikkje er avslutta grunna barnehagen ikkje har retta opp lovbrøtet. Då kan Fylkesmannen opne nytt tilsyn for at lovbrøtet skal bli retta

Fylkesmannen meiner at forslag om ny lovtekst i barnehagelova § 2 framhevar barnehagen som ei pedagogisk verksemd. Lovkrava tydeleggjer det som alt ligg i rammeplanen. Vi meiner det er bra med presisering på at det vert henta inn løyve frå foreldre dersom informasjonen skal brukast utafor barnehagen. Vi meiner endringa er i tråd med kvalitet og kompetansestrategien og satsinga på innhaldet i barnehagen.

Med denne presiseringa vil FM gjennom rettleiing kunne vere tydelegare på kravet til det pedagogiske innhaldet og kompetansen hjå barnehagetilsette. Vi meiner at endringa vil fremje statusen på barnehagen som pedagogisk verksemd.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.